



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra Sokne- og fellesråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
www.aukrakyrkje.no

## Protokoll

**Utval:** Aukra sokne- og fellesråd  
**Møtedato:** Tysdag 28. august 2018  
**Møtetid:** 19:10 – 21:10  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

**Desse møtte:**

Svein Løwe, Ingunn Hjelmås, Gro Merethe Hoksnes, Inga Sølvi Korsvik Melby, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Eva-Beate Opskar Nybø, Geir Ove Tangen, Audhild Mork og Kristian Finn Risung

**Vidare møtte:**

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjeverje)

**Forfall:**

Mette Myrseth Oterhals og Anja Helen Otterlei

**Permisjon:**

Inger Kristine Kjellnes

**Møtet vart leia av:**

Svein Løwe

**Innleiingsord:** Inga Sølvi Korsvik Melby - Dikt av André Bjerke, «Kunstneren»

**Sakliste**

**Sak 7:** Godkjenning av møtereferat frå møte av 12. juni 2018

*Vedtak:* Godkjent utan merknader

**Sak 8:** Godkjenning av innkalling til møte

*Vedtak:* Godkjent utan merknader

**Sak 9:** Rette opp skeive gravsteinar

- Bør det vere ein bestemt pris for dette, og kven må betale? Når bør retting bli påkravd?

Forslag om å lage vedtekter om dette, og få opplysningar om korleis Molde, Fræna og ev. andre gjer. Kva tek Gravmonumentfirma for dette, samt høyre med Hjelmaas.

*Vedtak:* Ta opp denne saken ved neste møte.

**Sak 10: Tur til Moldova**

- Dette er i samanheng med misjonsprosjektet som kyrkjelyden har engasjert seg i. Det er kome inn forslag frå Peder Nedrelid om å opprette en komité på 2-3 personar kor Peder sjølv er interessert i å vere med.

Forslag om å søke midlar til tur av bl.a. Aukra kommune (frist 1 . sept.), SBM og LNU.

Forslag til komité: Peder, Evy, og Jonathan

*Vedtak:* Stab tek kontakt med foreslått komité. Komité må ta kontakt med Misjon utan grenser for å få info og erfaringar om arrangerte turar derfrå, og også ta kontakt med bl.a. elevråd, ungdomsråd, og andre. Stab v/Frank finner ut om frist for å søke midlar frå kommune er absolutt.

**Sak 11: Eventuelt**

11-1 Møte på Julsundet skole vedr. fleirbruksrom/-lager

Audhild Mork var på møtet i går den 27. aug. på Julsundet skole gjeldande interesse og behov for fleirbruksrom og – lager for lag og organisasjonar, og det vart ordna lagerplass.

11-2 Interiør- og utsmykkingsutval

Forslag om å oppretta eit utval med omsyn til utsmykking og interiør for kyrkja og kyrkjelydshus.

11-3 Konfirmantopplegg

Spørsmål til dagens konfirmantopplegg. Færre konfirmantar, og antatt enda færre til neste år. Skal/må vi gjere noko endring? Ønsker sak på dette.

*Vedtak:* Lager sak til neste møte.

**Drøftingsaker:**

- I. Gudsteneste på fastlandet (Julsundet)
- II. Andakter ved Aukra omsorgssenter  
Svein informerte om at det er klart et rom (dagsenter) til bruk for andakter. Gjenstår noko småting som flytting av skåp med bl.a. salmebøker.
- III. Parkeringsplassar ved kyrkja for forflytningshemmede  
Diskuterte kor vidt det var mogleg å ha parkeringsplassar rett nedom kyrkje utanfor port, og kor vidt ein kunne køyre inn port for parkering eller avstiging rett attmed kyrkja.